

Den gamle seterdrifta. Guidemanus.

Søren Hald 2012ⁱ

Innholdsfortegnelse

Når var man på seter?	2
Heimseter, fjellseter.....	2
Reisen til seters	2
Hva skal budeien ha med seg?	2
Seterstedet	3
Budeiesengen.....	4
Arbeidsdagen på seteren	4
Kinning.....	5
Ysting	6
Surysting	6
Søtystinga	7
Livet på setra	8
Bufordagen.....	8
Setra på museet.	9
Seterhuset	9
Rominndelingen	9
Innredningen	9
Fjoset	10
Lyu	11

Når var man på seter?

Setringa var viktig før i tida. Sjølv om det vart brukt ve'for vart det ofte formangel på vårparten. Derfor var fjellhamna om sommaren viktig. Kyrne kalva om våren slik at den tida det var mest mjølk kunne fjellhamna nyttast. På det viset vart mesteparten av smøret og osten produsert på setra.

Heimseter, fjellseter.

Mange gardar hadde både heimseter og høgfjellsseter. Heimsetra låg oftast i skogbandet og vart brukt om våren før beitet i høgfjellet vart brukbart, og om hausten når det var snautt i høgfjellet.

Det var som oftast fastsette tider dyra skulle vera burte frå heimseterstroka slik at hamna tok seg opp att til haustenⁱⁱ.



Kløvbomme. LT 189.



Kløvsadel. LT261

Reisen til seters

Lenge var det berre stigar og råk fram åt setrane. Einaste måten å frakte alt som skulle vera med til seters var på hestryggen, dei kløvjaⁱⁱⁱ. Dei tok med seg berre det som var naudsynt, og ordna seg så dei hadde returlass heim att^{iv}.

Hva skal budeien ha med seg?

Det var sett på som ei ære å bli spurt om å ta budeistellet. Var budeia leigt inn, kom ho til gards 14. april og akta fram. Ho vart da godt kjend med dyra.

Budeia hadde mykje å stelle i stand før seterreisa. Mat og klede skulle finnast fram og pakkast. Det vart pakka i trekoppene som vart nytta til mjølkestellet. Budeia fekk med seg hardbrød, spikjimat, mårpysje og mjøl. Sengjklede til budeisengja var kvitil^v, stikkateppen, hovlag (pute = pose til å ha høy i), bløye og åkle^{vi}. Og så var det sengjklede til heimfolket. Litt smør og ost fekk ho og med seg, til ho kom på stell sjølv. Da fyrstikka kom i bruk måtte ikkje dei gløymast att heime. På summe seterstular (setergreuder) var det så einståkå at det var vanskeleg å låne fyrstikker eller glør^{vii}. Saltet åt krytyrom måtte heller ikkje gløymast att.



Kløvhest. http://no.wikipedia.org/wiki/Fil:Pack_Horse.jpg

Det var vanleg at budeia gjorde handarbeid åt husbondsfolket, så emne åt slikt arbeid måtte og vera med.

Dei som ikkje hadde seter sjølve leigde kyrne sine med andre^{viii}. Budeia kunne derfor ha mange lyty (lut = lot. Ein lut - fleire lyty). Mange budeier hadde med seg underbudeie, ei halvaksen jente. Den tida rovdyrplaga var stor var det vanleg at det var med gjetigut og. Ungar frå ti-årsalderen og oppover hadde denne jobben.

Seterstellet

Fyrste dagane på setra var ekstra travle. Alle koppane som hadde stått der over vinteren, embarar, koller, kjørel og bytter vart bore åt bekken eller lælga (vasstro) slik at dei kunne stå der og trutne uti og bli tette. Så vart dei gjort reine med einlog, koppane til mjølka måtte vera godtyvjuge og ikkje gje usmak på mjølka og rummen. Utanpå vart dei skura med sand og surmysu, dei vart så kvite og fine av surmysu.



Budeier. Dørål seter, Dovre 1927. OAND 2233



Stakstoseter, Dovre. OAND 1298

Seterhuset vart vaska og stelt. Utmed vegg ane vart det lagt tett med einkvistar. Dei skulle både pynte opp i huset og halde musa burte, for det var ofte hol og sprikkar her.

Kvar laurdag når det vart helgestelt, vart einen bytta ut, og i tillegg vart småhakka frisk eine strødd på golvet. Når fjellkjørra (fjellkrattet) hadde fått lauv laga dei ei krekse av kjørr over seldøra og budøra. Kredsene vart pynta med måså og myrull. Da eg stelte og pynta i seterhuset i museet sommaren 1992, fortaide Olga Rusten, budeie på Nordsetra ved Tesse i 40 år, at skar eg fjellkjørra åt kredsene etter 1. juli, så visna ikkje lauvet på ho.

Budeiesengen.

Budeisengje skulle og stellast på ein spesiell måte. Bolsteret (stripavovety) som vart brukt til on 'dyna (underdyne = madress) vart fyllt med høyr, for halm fanst ikkje på setra. Elles i senga skulle det vera tjukkåkle (sengeteppe. LBY 0564) og bløye (laken av hvitt lerret) med pyntebord på. Pynteborden var ofte hekla mellomverk eller hekla slisser. Enden av bløya som hadde pyntebord vart bretta over åkleet ved hugugjerda med om lag 40 - 50 cm. Det var nøye med at budeisengje var høg og fin, og at ho vart stelt slik kvar dag. Sengje var eit mål på ordenssansen åt budeia. Det vart brukt pyntehandkle i roa over senga, og ofte i roa ved bordet.



Pyntelaken. Bløyle. LBY 1037

Arbeidsdagen på seteren

Fjosstellet på setra tok ofte til ved firetida om morgonen. Jurvatnet måtte vermast, og alt som høyrde til mjølkinga måtte berast åt fjuset. Koppene som mjølka skulle silast i stod att uti trå 'n (trå = gardsplassen på setra). Geitene vart mjølka i bytte med hav (hanke). Dei vart utsleppt straks dei var mjølka. Var det med gjetgut vart han åtsendt med geitflokken. Kyrne vart mjølka i kakk. Etter mjølkinga vart mjølka bore inn i skuten og sett i koller eller separert. Dei yngre budeiene måtte følgje med når eldste budeia løyste kue (på setra vart heile bølingen kalla kue). Det var forresten nøye med at bjøllkue vart løyst fyrst.



Melkekakk. LT 697



Melkebøtte med hank. LT 53



Separator. LBY 0794

Før dei lokka måtte dei få fyra opp under ystpanna, og helst skulle sengje vera oppreidd og. Når gammelbudeia sette i gang lokkinga, kunne dei andre ta etter. Budeia tok med seg busleiken eller saltpyngla og la i veg. Før ho skildest frå ku'n fekk kvar av dei ein saltsleik. Etter lokkinga var det å ta til med mjølkestellet, men helst skulle det renskast i fjaset fyrst.

Alt mjølkestellet måtte vera ferdig til kue kom heim om kvelden. Bjøllkue tok åt fyrst og løyste bølingen. Det var viktig at alle kyrne ville følgje bjølla^{ix}. Kyrne gjekk rett inn i fjaset når dei kom, og tok som oftast båsen sin, dei visste kvar dei "høyrede heime". Det var ein stor lette at ein hadde flink ku.



Silhår. LT 447



Melkesil. LBY 230

Mjølkestellet var eit strevsamt arbeid. Mjølka vart sila i tresil med sil 'år (silhår) i. Sil'året var bunde av hesttagl eller kurumpe. Fyrst innpå vårt århundre vart det vanleg med blekksilar^x. Før separatoren kom vart den nysila mjølka sett burt i mjølkekoller (trekoller). Etter eit par dagar hadde rummen (feittet, fløyten) lagt seg på toppen. Da skilde dei mjølk og rumme ved å løyse rummen frå kanten på kolla og halde han att med fløytbrotet (ein tresleikepott), og renne mjølka unna ned i eit kjørel. Denne mjølka vart kalla rend mjølk (skumma mjølk). Da separatoren ble vanlig fyrst på 1900-tallet fekk ein skilt åt rummen og mjølka medan ein var sikker på at mjølka var søt. Å dra separatoren var tungt arbeid og det tok ca en halv time å separere 40 liter melk.



Melkekolle. LBY 0039



Kinne med stav (tivil). LBY 1085


Kinning

Kinninga av rummen gav smør. Rummen vart samla og syrna i rumembaren, og kinna til smør. Det var to slags kinner, standkinne og vindkinne. Standkinna er nok gamnlaste typen. Rummen vart tømnd oppi kinna. Budeia drog tivil'n opp og ned i kinna til rummen gråpå (rumnmnen vart grov og grynete). Dette var tungt arbeid, det var mosjon både for armene, ryggen og magen. Nå måtte dei drågå tivil'n meir forsiktig til ein fekk samla smøret i ein stor gul klump som flaut i saupet^{xi}. Smøret vart lagt i


smørtroget. I troget vart saupet elta ut, og det rann ut gjennom eit hol i botnen og ned i ei bytte. Dette skulle og nyttast! Etter at saupet var elta ut vart smøret vaska i mange vann.



Rømmeambar. LT 902



Stand- og vindkinne



Smørtrau

Smøret var ei vetdfull vare fordi det kunne omsetjast i pengar eller helst bytast i andre varer. Smøret var derfor omtala som byvare. Saupet vart innkøkt til brim (prim), og sendt heim. Der vart brimet blanda ut til grautvæske. Saupet vart og brukt til saupsupe. Det var vanleg å ha med seg gris til seters, og han fekk saup.

Ysting

Surysting

Ystinga gav ost. Budeia hadde både surysting og søtysting. Frå surystinga fekk ein gammalost, skjørrost, som hadde vore ysta frå eldgammal tid. Når mjølka i skjørkjøret var passe sur, vart ho aust opp i ystpanna. Ystpanna tok 90 eller 120 liter. Før ystpanna kom vart det løyft (løypt, mjølka skil seg i kjuke og mysu) i ein bukjel som vart plassert over varmen i skorsteinen. Når mjølka vart vermt opp skilde ho seg i kjuke og surmysu.



Ysting, ystepanne. Foto Folkemuseet.



Kinne, separator^{xii}.

Surmysen

Surmysu vart nytta til mangt. Ho vart kløvja på mysuflasker (store mjølkeflasker, treflasker) og sendt heim og brukt til blande (surmysu og vatn). Blande var god tyrstedrikk i sommarvarmen^{xiii}. Surmysu vart innkokt, til myssmør, som det vart kokt supe av. Kalvane fekk surmysu som drikke. Surmysu kunne brukast til å skure trekoppene, golv og bord med.




Melkeflaske. LBT 241

Søtystinga^{xiv}

Søtystinga ga kvitost, som og vart kalla søtost, og brimost, raudost. Til brimostystinga (raudostystinga) vart det brukt berre kumjølkk eller det vart blanda ku- og geitmjølkk^{xv}.

Når brimet var kaldt vart det stappa i ostkista. Det var 2-kilos og 4-kilos ostkister. Det mest vanlege var 4-kilos, og til å fylle ei slik gjekk det med om lag 40 liter mjølkk. Ostkista vart løyst frå osten etter noen dager. Så vart osten lagt på ein firkanta ostbott av tre, og sett på osthylla uti bu'n.



Ostkiste

Ettar at bilvegane kom til setrene, og mjølka vart køyrt åt ysteriet, vart mykje av arbeidet med mjølkestellet burte. Men det var framleis mange tunge lyft. Nå var det dei tunge mjølkespanna som skulle lempast inn og ut av avkjølingane, og opp på ei høg mjølkerampe. Der det var fleire budeier var dei flinke til å hjelpe kvarandre med det tyngste arbeidet.

Livet på setra

Livet på setra var ikkje berre hardt arbeid og lange arbeidsdagar. Budeiene gjekk ofte saman når dei hadde ei fristund. Da sat dei oftast med h ndarbeid  t husbondsfolket. Sj lv om det var ei strevsam tid, f lgde det mykje sosialt samv er og moro med denne tida og.



D ran seter 1909, Dovre.

I sl tten var det folksomt og livat p  setra. Da kom det heimfolk for   sl  graset p  seterkve 'n. I tillegg til det vanlege arbeidet m tte budeia stelle mat  t sl ttkarane. Om kveldane samlast dei og hadde mykje moro.

Det vart eit spesielt samhald p  setra. Budeiene gjekk saman og hjalp kvarandre om noko ekstra kom p . Var det ei budeie som hadde sein ku^{xvi} ein kveld, var det sj lvsagt at dei andre hjalp til med mj lkinga n r kue endeleg kom. Dei gjekk til kvarandre og l nte ting om dei vart imillom for noko sj lve.

Laurdag vart det helgestelt, og budeia f rebudde seg kanskje p  heimfolk. Sundagen var kviledag, da var det som oftast ikkje ysting og kinning. Da skulle alt arbeid liggje, utanom det krytyr- og mj lkestellet som var naudsynt.



Sykvam seter, Lesja. 1935. LT 476

Bufordagen

Bufordagen (buferdsdagen = heimreisedagen) skulle alt vera vel utustulla, og det vart sett sl  for glas og glugg. Budeia stelte det st tt slik at det vart att noko til dei som kom til seters p  k yring gjennom vinteren. Siste helga p  setra, buforhelgja, kom budeiene saman og kokte skj lnadsgraut (skildnadsgraut). P  mange seterstular var det bruken   ha skj lnadsball denne helga. Budeiene fekk

tak spelmann, som kom opp frå bygda og let til dans. Buforgrauten var kokt av siste rummen, og alle åt seg gode og mette før dei la i veg.

Heime venta det ekstra stell denne dagen, med god mat og drikke. Budeia vart teke imot som gjest, og æra for all dråtten ho kom med. Elise Aubert fortel at den fyrste sundagen etter at budeiene var heimkomne frå 'setra, reid dei "Bufar". Dei reid til kyrkja i "stort Optog". Kjerringa tok med seg budeia åt aurbu'n så ho fekk sjå at drotten var vel heimkomen.

Setra på museet.

Setra på museet ligg vest for garden, og er vel her mest som heimseter å rekne. Setra har seterhus (sel), fenadfjos og lyu. Det var vanleg at det var geitfjos og, og kanskje eit ysthus. Plasseringa og oppdelinga av husa slik det er gjort her i museet har vore vanleg i distriktet her i lang tid. I museet manglar det gjerde kring kvee og tråe (gardssplassen). I trå'n vart kue samla når ho skulle ut om morgonen og inn om kvelden. Eldste forma på seteranlegga var samanbyggjing av husa. Selet og fjoset var samanbygd med ei bu i mellom.

Seterhuset

Rominndelingen

Årstalet 1820 står på mønsåsen. Kjem frå Brandsarøygard i Skjåk. Sideveggene og taket er trekt framom inngangssdøra som ein open inngang.



Seterstugu.



Peis, ystepanne

Seterhuset i museet har to rom, sel og bu. Selet kallar vi ofte for huset. Slik vi kjenner seterhusa i dag er det og vanleg at det er bygd på eit rom framfor selet, ofte med bordvegger. Dette kallar vi skuten^{xvii}. I dei seterhusa det ikkje var skut stod ystpanna eller bukjelen i skorsteinen, og separatoren uti bu 'n. Etterkvart fekk mange setrar eigne hus til ystinga, ysthus.

Uti bu'n stod mjølka og rummen, og der stod dei ferdige produkta, ost og smør, lagra til det skulle fraktast åt bygda. Innreiinga i bu'n var enkel. Det var ei tjukk, brei fjøl ved langveggen. Ho var festa eit stykke frå veggen slik at ikkje musa kom til. Denne fjøla vart kalla ostslinde. Osthylle var det og der. Tome koppar og kar sto i bu'n eller skuten. Golvet i bu'n var toft, her skulle det vera passe råme til mjølkeprodukta. Bue hadde berre eit lite glas. Glaset i bu'n her i museet skulle vore mindre.

Innredningen

Sela var som oftast innreidd etter eit fast mønster. Vi finn att mykje av dei same møblane, og på faste plassar i gamle sel. Slik som seterhuset i museet er innreidd vil vi og finne at seterhusa er mange

andre plassar. Sengje er plassert langs veggen innafor døra, der fekk ein minst trekk. Hylla, som var nytta som kjøkenskåp, står på andre sida av døra. Huset har og ein skjell (hjell) som vart nytta som sengjeplass.



Seterstugu med hjell (hems).




Dør inn til bu. Spisebord med krakk

Skorsteinen står lengst inne i rommet. Ofte stod skorsteinen ut frå veggen slik at det vart ein sengjeplass bak han. Under glaset eller mellom glasa om det var to, stod bordet, ofte eit som ein kunne slå opp på veggen når det ikkje var i bruk. Framfor bordet stod ein brei bordkrakk, og innafor bordet ein benk. Over budøra var det vanleg å feste trespildrer der bokstavane til budeia og årstalet ho var der var skore inn med fine bokastavar. Ofte var det kjærasten til budeia som hadde skore spildra.

Fjoset

Årstalet 1860 står på veggen. Huset kjem frå Brujordet i Skjåk. Tømra hus med to gjylmingar.



Seterfjoset

Dette fjoset er eit fenadfjos. Geitene hadde vanlegvis sitt eige hus, også på setra. Sjølv da det vart vanleg med on'fjos i bygda, held dei fram med å spa ut møkka på gammelmåten på setra, gjennom små gluggar i veggen eller ut gjennom døra. Seterhusa har ikkje vorte skifta ut så fort, så det er vanleg enda i dag, at der det er gamle seterfjos så må møkka berast ut.

Lyu

Frå omkring 1850. Tømra lyu som kjem frå Bytingsøya i Garmo, ein plass som nå høyrer til nordigard Garmo.



Det var vanleg at setrene hadde kve som dei hausta graset på. Seterforet var god og kraftig mat, så dei tok vare på alle stråa dei kunne ta tak i på fjellet og. Høyet vart lagra i lyu'n til vinteren og når snøføret kom, da vart det køyrt til bygds med hest og slede^{xviii}.

ⁱ Foreliggende Guidemanus er en tilpasset og oppdatert versjon av tekstheftet "Det gamle seterstellet", T. Enersvold, 1993, forsynt med nytt bildematerial og fotnoter.

ⁱⁱ Mange hadde merkje for kor tid det var nok hamn i fjellet. Til dømes når Smørgrove i Lyngvedshøa kom og svaberga vart svarte, var det nok mat å finne i Foss og Smådalen.

ⁱⁱⁱ Kløving er også en transportform med gamle røtter. Den går ut på å bruke seletøyanordninger som legges over ryggen på et lastedyr. Lasten fordeles likt på begge sider av dyret, og det er dette lasset som kalles en kløv. Lasten kan bindes fast, legges i korgar eller sekker, alt ettersom. I Norge var hesten det mest brukte kløvdyyret, men både hund og geit er kjent. Ute i verden brukes også kameler, dromedarer, lamaer og esler. ([http://no.wikipedia.org/wiki/Kl%C3%B8v_\(transport\)](http://no.wikipedia.org/wiki/Kl%C3%B8v_(transport)))

^{iv} Fyrste setervegen der det vart køyrt mjølk med bil var frå Ulvåt i 1929. At Hovde kom det ikkje bilveg før i 1957. Frå setrane i Sålell, Foss og Smådalen har det aldri vare levert mjølk. Det gamle seterstellet heldt ut lengst i Foss. Marit Sveinhaus ysta og kinna der fram ått 1976. På dei andre stulane vart det nok slutt etter kvart som dei kunne køyra mjølka til bygds og ysteriet.

^v Sengeteppe av halvuld, teppe til å ligge på, laken

^{vi} Åkle: Sengeteppe, vevd. Bløyle: pyntelaken med bord.

^{vii} Det blir fortalt om ei budeie på Lesja som tok med seg to - 2 - fyrstikker om våren og hadde med seg ei stikke heim att om hausten.

^{viii} De betalte en person med seter for å ta med dyrene deres til seters.

^{ix} Var det kyr som var travalege slik, skulle ein ta hår av bjøllku 'n og blande med salt og gjeva dei.

^x Seinare kom det aluminiumssilar med to silplåter som ein la eit eingongsfilter mellom.

^{xi} Saup: veske som utskilles fra smøret under kinningen

^{xii} Foto: A. Møller fra boken: "Ysta ost og kinnna smør", 2007

^{xiii} Bøtten som stod på blandstampbenken rett innen for inngangsdøren var fylt med surmyse blandet med vann.

^{xiv} Ved støtsting settes melken ikke først til surning, men ystes ofte nysilt

^{xv} Geitmjølkka var alltid ysta søt, og oftast nysilt (ikkje separert, men som heilmjølk).

^{xvi} Hvis kuyrne/bølingen kom seinere hjem enn vanlig en kveld

^{xvii} Ystpanna eller bukjelen var plassert i skuten, og all ystinga foregikk der. Separatoren stod og i skuten. Ein tjukk stokk vart brukt som fot så han skulle stå støtt. Skuten hadde som oftast toft, jordgolv. Skuten hadde ofte ikkje glas, berre ein glugg.

^{xviii} I Vågå var det vanleg med vinterlego på setrane. Dei reiste til fjells med krytyrom vinterstid og gav opp høyet dei hadde der, i staden for å køyre det heim. Dette var ikkje særleg mykje brukt i Lom.